



KOPI

Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger
Magasinvegen 26
5705 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2347 - 16/27611

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.10.2016

Dispensasjon og løyve til tilbygg til fritidsbustad og uthus - gbnr 226/2 Padøy (Storholmen)

Administrativt vedtak. Saknr: 481/16

Tiltakshavar: Line og Anders Heimvik
Ansvarleg søkjar: Byggmester Møen & Saue AS
Søknadstype: Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 samt Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av mindre tilbygg samt oppføring av eit nytt tilbygg og takopplett i vestvendt fasade. Tilbygget har bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 20,8 m² og bygd areal (BYA) ca. 21 m², vidare er det søkt om etablering av terrasse i forlenging av trapp og tak over inngangsparti i austvend fasade som får eit samla bygd areal på om lag 11 m².

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid i høve oppføring av nytt tilbygg, terrasse og takoverbygg i austvendfasade. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø, samt frå kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 kap 5 LNF-føremål og § 1.20 for riving av delar av tilbygg til fritidsbustad samt oppføring av nye tilbygg og påbygg. Søknad om dispensasjon omfattar og uthus planlagt oppført på eksisterande hustuftar.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.07.16 og supplert 24.08.16.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 17.08.16. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 24.08.16.



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø, samt frå kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 kap 5 LNF-føremål og § 1.20. Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving, dagsett 19.07.16:

På Storholmen i Lindås kommune ligger det flere bygg som er registrerte kulturminner.

Bygningene på øya er i dag benyttet til bruk som fritidsbolig. Det ble i 2015 søkt dispensasjon til å rive den gamle lemstova/ hovedhuset på øya til fordel for et nytt og moderne bygg.

Etter uttalelser fra fylkeskonservator i Hordaland fylkeskommune om å bevare det verneverdige kulturminne på øya, ble det høsten 2015 sett på andre løsninger for å få restaurert/ rehabilitert lemstova slik at kulturminnet blir bevart og at bruksverdien av bygget blir oppgradert til dagens behov.

Bakgrunn for prosjektet.

Historien om Storholmen i Lindås kommune går langt tilbake i tid. Allerede den 1.1.1887 ble det etablert poståpneri med Ole Johannessen Hjelmvik som poststyrer. Den gang var det både landhandel og stoppested for dampbåtene på øya. Litt opp på Storholmen ligger hovedhuset til gården Paddøy (Gbnr 226/2). Dette eies i dag av Anders og Line Heimvik. Huset er en gammel Lemstove bygget trolig på slutten av 1880 og på samme tid som poståpneriet og landhandelen på øya så dagens lys. Det står også en gammel grindbygd løe på øya som er kartlagt av Hordaland fylkeskommune og som stammer fra tidlig 1600-tall. Denne er etter alt å dømme flyttet til øya på et senere tidspunkt.

Huset har i senere år vært brukt som fritidsbolig, men er nå blitt i en så dårlig forfatning at det må gjennomføres en total restaurering/ rehabilitering for å bevare det som kulturminne. Det er som tidligere nevnt blitt søkt Lindås kommune om å få rivingstillatelse og om å erstatte stova med en moderne hytte. Etter noen runder har likevel eier kommet frem til at det er viktigere å sette i stand dette bygget og tilbakeføre det i sin opprinnelige prakt, enn å føre opp et nytt og moderne bygg. Det er også ønskelig fra eier å kunne gjøre noen forandringer på bygget for å få en bedre utnyttelse og større bruksverdi slik at stova kan benyttes i større deler av året. Disse tiltakene vil bli gjort i tråd med lokal byggeskikk og gjenspeile den arkitektoniske form til andre lemstover fra samme periode og ellers bygg i området.

Det må nevnes at lemstova er registrert i Askeladden som et kulturminne og at vi har vært i kontakt med Lindås Kommune som stiller seg svært positivt til prosjektet og det har blitt bevilget kulturmidler til prosjektet.

Hordaland Fylkeskommune har også bevilget midler til prosjektet gjennom Vern og Vøl tilskuddsordningen.

Tilstanden til Lemstova er som påpekt tidligere i en så dårlig forfatning at restaurering/ rehabilitering må komme i gang snarest mulig for å begrense videre forfall. I denne forbindelsen har Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger blitt engasjert for å foreta prosjektering og stå for å få gjennomført restaurering/ rehabiliteringsarbeidet på stova.

Bygningsvernsementet (BVS) overordnede oppgave består i restaurering av fredede og verneverdige bygninger. Slike bygninger er en viktig del av kulturarven. Forfaller eller rives de, mister kulturlandskapet sitt særpreg og den kulturelle identitet til lokalsamfunnene svekkes. Skal en slik oppgave realiseres i pakt med regelverket for antikvarisk arbeid, trengs kompetanse. Derfor satses det også på kompetanseheving av fagarbeidere og håndverkere. I tillegg satses det på mobilisering av kommuner og lokalsamfunn omkring kulturarven og kulturminnevernets betydning. Oppmerksomheten er her rettet mot bygninger som markører av tilhørighet og samhold.

Tiltak som ønskes gjennomført er:

1. På bakside av leinstova er det per i dag en ute bod og et lite inngangsparti. Her ønskes det å få revet disse to små tilbyggene, for så å sette opp et nytt tilbygg med pulttak på 20,6 m². Dette tilbygget vil inneholde kjøkken, wc med forbrennings toalett og nytt inngangsparti. Med andre ord vil alt av Vvs komme på utsiden av eksisterende laftekjerne, og slik sett ikke representere noe inngrep med gjennomføringer i lafteverket. Deler av eksisterende grunnmur bli brukt opp igjen.
2. Det ønskes å få laget et oppløft på taket slik at arealutnyttelsen i 2 etasje blir mer brukervennlig.
3. På fremside av stova ønskes det å få satt opp et lite takoverheng over eksisterende trapp, for å beskytte litt mot vær og vind.
4. Det ønskes også å få satt opp en terrasse i tilknytning til trapp på fremsiden av bygget.
5. På baksiden av leinstova har det stått et uthus/bod som har falt ned. Her ønskes det og settes opp et nytt uthus i grindverks konstruksjon på 14,8 m². Dette også for å ivareta gammel byggeskikk i området.
6. Eksisterende pipe og ildsteder i stova ønskes å få oppgradert til dagens standard og branntekniske krav. Her vil den eksisterende pipen bli revet ned til loft, for så å bli re murt i samme utførelse som original pipe og det vil bli satt inn pipeføring for å ivareta branntekniske krav.
7. Tiltak som ellers ønskes gjennomført er å skifte ut vinduer og dører som har tilnærmet likt utseende som de originale, skifte kledning som har tilsvarende utseende som den originale og rehabilitere taket, men bruke eksisterende skifer på nytt.

I hovedsak ønskes det å restaurere/ rehabilitere leinstova til sitt originale utseende men med noen nye tiltak for å øke bruksverdien av bygget og området.

Vi tror at dette kan bli et fint prosjekt, som kommer i liten grad i konflikt med intensjonen til LNF område og håper på positiv sakshåndtering.

Søknad om dispensasjon vart supplert 24.08.16:

1. LNF formålet i gjeldene KPA punkt 5.7

Det søkes dispensasjon til å få utført tiltak på eksisterende bygg/lemstove i LNF regulert område. Tiltakene vil ikke være til vesentlig ulempe med tanke på omsyn bak LNF formålet, og fordelene ellers er klart større enn ulempene. I uttalelse fra Hordaland Fylkeskommune ved fylkeskonservatoren (se vedlegg B-2 i hovedsøknaden) anbefales det å ikke rive den gamle Lemstova men å gjøre tiltak til å kunne forbedre og sette i stand eksisterende bygg. De tiltak som vil være av forandring på eksisterende bygg er et tilbygg på 20,8 m² som erstatter dagens inngangsparti og bod. Et takoppløft på baksiden av huset, en terrasse på 7,7 m² i samband med eksisterende trapp. Et takoverbygg over eksisterende trapp (se vedlagte tegninger i hovedsøknaden). Det ønskes også å sette opp et grindbygg på 14,8 m² på eksisterende uthustomt.

Utslipp av grå vann og kloakk vil ikke medføre noen forandringer i forhold til dagens opplegg. Det vil bli satt inn et forbrenningstoalett på WC i tilbygg og grå vann går i eksisterende avløps system.

2. Punkt 1.20 i gjeldene KPA

Det søkes dispensasjon til å få utført tiltak som har en endret takvinkel en på eksisterende bygg. Dette gjelder på tilbygg, oppløft og takoverbygg over trapp. Disse forandringene er ene og alene for å få best mulig arealutnyttelse på nye tiltak (se vedlagte tegninger i hovedsøknaden). Det vil også bli satt opp et grindbygg med takvinkel som kan avvike noe fra det uthusbygget som var der tidligere. Mønehøyden på dette bygget vil ikke bli over 4 meter og gesimshøyden vil ligge på ca. 2,2 meter.

3. Det søkes dispensasjon om fritak fra plan og bygningsloven § 1-8 om byggeforbud langs sjø. Tiltakene som ønskes utført vil være på eksisterende bygg som per i dag ligger nærmere sjø en 100 meters belte. Tiltakene vil ikke komme til sjenanse og være vesentlig synlig fra sjø. Vår vurdering av prosjektet er at endringene er av en ubetydelig art og vil ikke være skjemmende i forhold til dagens eksisterende bygg og omgivelser, men at tiltakene vil utgjøre en bedre bruksutnyttelse av byggemassen. Vi tror at dette kan bli et fint prosjekt, som kommer i liten grad i konflikt med de overnevnte paragrafer med underpunkter.

4. I forhold til avvik fra TEK10 jf.pbl§31-2

Eksisterende bygning er av typen laft med opplenjer og kledning. På tilbygg og oppløft vil vi kunne oppfylle TEK10 kravene. På eksisterende bygning vil vi tilstrebe å komme så tett opp mot TEK10 kravet som mulig. Alle eksisterende dører og vinduer vil bli skiftet ut med nye dører og isoler vinduer som tilfredsstillende TEK10 kravene men som vil ha et utseende tilnærmet likt de eksisterende dagens dører og vinduer.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Hordaland Fylkeskommune den 14.09.16:

Vi viser til søknad om dispensasjon jf. pbl 19 på eigedommen gnr 226, bnr 2 Padøy, Storholmen i Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi ser det som særst positivt at Lemstova vert satt i stand og brukt til formidling av vern og vøling av bygningsarven vår. Vi rår elles til at Storholmen vert regulert med omsynssone kulturmiljø H570 og retningslinjer ved neste rullering av kommuneplanen til Lindås kommune.

Vi har ingen vidare merknader i saka, då tiltaket ikkje får negative konsekvensar for kulturminneinteressene.

Det er henta inn slik uttale frå Planavdelinga den 22.08.16:

Planavdelinga har ingen merknader til tiltaket.

Det er henta inn slik uttale frå Landbruksavdelinga den 12.08.16:

Landbruk har ingen merknad til det omsøkte tiltaket.

Tiltakshavar har henta inn slik uttale frå Kulturavdelinga den 12.02.16:

Vedrørande restaurering av lemstova på Storholmen:

I møte med Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger 2.2 2016, vart me gjort kjend med planane for å rehabilitere/ restaurere det gamle langhuset/ lemstova på Storholmen/ Padøy Gnr:226 - Bnr:2

Lemstova ligg fint til i kulturlandskapet på Padøy. Kommunen ser verdien av å ta vare på huset og trur innbyggjarar som ferdes i område vil setja pris på at dette kulturminne vert sett i stand.

Kommunen set pris på at det under restaureringa vil verte arrangert kurs om gamle handverkstradisjonar og oppmodar om at Lindås sogelaget og vert involvert i prosessen. Vi er positiv til prosjektet og håpar grunneigar i lag med Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger får realisert prosjektet.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Det er av tiltakshavar/ansvarleg søkjar vurdert å ikkje vere naudsynt å nabovarsle tiltaket. Kommunen finn ikkje grunn til å krevje nabovarsling jf. § 21-3 (2).

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.07.16, dagsett 24.08.16. Eigedom gbnr. 226/2 er ein holme.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk. Det skal ikkje installerast vassklosett i fritidsbustaden. Det er planar om å sett inn forbrenningstolett. Gråvatn går i eksisterande avløpssystem.

Tilkomst, avkøyrse og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk. Eigedomen er nytta som fritidseigedom og har ikkje vegtilkomst.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av tilbygga samt uthus.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø, vidare er det søkt om dispensasjon kommuneplanen sin arealdel § 1.20 og frå kap. 5 LNF-føremålet, for riving av delar av fritidsbustad samt oppføring av nye tilbygg og uthus på eigedomen.

«1.20 Nye tiltak skal innordne seg og tilpassast eksisterande bygg på eigedomen. Mindre tiltak skal ha same takvinkel og takform som hovudbygget. Det må vera tillate med knevegg ved yttervegg i bygg som ikkje skal nyttast til varig opphald. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.»

«5.7 Det kan gjevast dispensasjon for mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a og tilleggsareal inntil 200 m² på eksisterande fritidseigedomar når samla utbygging er innafør grensene fastsett under, tiltaket ikkje er til vesentleg ulempe for omsyna bak LNF-føremålet og føremonene elles er klart større enn ulempene. Bygd areal (BYA) bør ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for fritidsbustad, garasje og uthus bør ikkje overstige 120 m². Maksimal gesimshøgde bør ikkje overstige 6,0 m og maksimal mønehøgde 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng.»

Byggeforbodet i 100-metersbeltet skal ivareta omsyna til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona langs sjø. Begrepet naturmiljø omfattar også ivaretaking av biologisk mangfold selv om det ikke er nevnt direkte i loven. Naturmiljøbegrepet omfattar det biologiske mangfoldet sammen med ivaretaking av friluftslivs- og landskapsverdier i videste forstand. Omsyna skal ta vare på landskapet og minimere naturinngrep og ivareta ålmenta sine ferdselsmoglegheit og ivareta framtidige

generasjoner si høve til å oppleve ein natuleg og open stransone, minimere privatisering og nedbygging av standsone og ivareta visuelle/landskapsmessige kvalitetar.

Omsyna bak LNF-føremålet er å ivareta landbruk, skogbruk og naturlege og viktige friluftsområde. Dette betyr at det må gjerast ei vurdering av om tiltaket kommer i konflikt med jordbruk, skogbruk eller friluftsområdene. Dyrka mark og produktiv skog er viktig å ivareta. Det er areal som kommunen har vurdert til å ha verdiar knytte til landbruk, natur og friluftsliv. Når eit område vert sett av til LNF, betyr det eit bygge- og deleforbod. Det einaste unntaket frå dette er tiltak som er naudsynt for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at det ikkje er komme negative uttaler i saka. Uttale frå kultur er positive til at ein gjennom arbeida med å sette i stand fritidsbustaden og fører opp nytt uthus på gamle tufter ønskjer å ivareta gamal byggeteknikk samt å nytte tiltaket for å lære vekk gamalt handverk.

Heile den aktuelle eigedomen ligg på ein holme utanfor Vikanes, «Storholmen», alle tiltaka er i heilskap søkt gjennomført innanfor 100-metersbeltet langs sjø og krev at det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8. Tiltaka er søkt oppført i tilknytning til eksisterande fritidsbustad, hustuftane uthuset er søkt oppført på ligg i om lag 10 meters avstand frå fritidsbustaden. Tiltaka mot vest i høve fritidsbustaden ligg i hovudsak skjerma frå innsyn frå sjø, mellom eksisterande fritidsbustad og eit høgdedrag på holmen som til dels skjermer mot innsyn frå sjø på vestsida av holmen. Desse tiltaka vil, etter kommunen si vurdering, i liten grad vere synleg frå sjø og ikkje i vesentleg grad føre til auka privatisering av strandsona. Mot aust er det søkt oppført eit takoverbygg over eksisterande inngangsdør, samt forlenging av trappeavsats med veranda, Tiltaka mot aust vil vere synlege frå sjø, men dette er mindre tiltak på eit eksisterande bygg, og vil ikkje, slik kommunen vurderer det føre til auka privatisering eller vere til hinder for ålmenta si rett til friferdsel. Tiltaka ligg på om lag kote +11, og i ein horisontal avstand til vassline på om lag 35 meter.

Dei skisserte tiltaka det vert søkt om dispensasjon for å føre opp ligg på areal som på gardskart er avsett som innmarksbeite. Tiltaka på våningshuet legg mot aust beslag på om lag 1,8 meter ut i frå fasadeliv på eksisterande bygg, mot vest legg tiltaka beslag på om lag 2,6 meter ut i frå fasadeliv. Det står i dag tilbygg i vestvendfasade og trappetilkomst i austvend fasade. Eksisterande tilbygg mot vest er søkt riven for å sette opp nytt tilbygg samt takopplett, medan det mot aust er søkt om å sette opp eit takoverbygg over inngang samt å føre opp ein veranda i forlenging av eksisterande trappetilkomst. Det nye utuset vert ført opp på hustufter etter eit gammalt uthus. Tiltaka legg ikkje vesentleg beslag på areal som kan eller vert nytta som landbruksareal. Tiltaka er vurdert å vere innanfor retningslinjer som er sett i kommuneplanen sin arealdel § 5.7.

Kommuneplanen sin arealdel har bestemmelsar om at nye tiltak skal innordne seg og tilpassast eksisterande bygg på eigedomen, mindre tiltak skal ha same takform og takform som hovudbygget jf. § 1.20. Tiltaka er etter kommunen sitt skjønns godt tilpassa eksisterande bygning. Etter kommunen sitt skjønns innehar tiltaka tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, tiltaka er soleis vurdert å vere i tråd med plan- og bygningslova § 29-2.

Med omsyn til fråvik frå TEK10 vurderer ikkje kommunen at tiltaket er så omfattande at tiltaka vert å rekne som ei hovudombygging. Det er skissert at ein vil tilnærme seg TEK10 så langt som råd er i det eksisterande bygget. I høve dei nye tilbygga so skal desse tilfredsstillende TEK10.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og frå kommuneplanen sin arealdel § 1.20 og kap. 5 (LNF-føremålet) er tilstades. Ein finn at fordelane er større enn ulempene og at omsyna reglane det vert dispensert frå ikkje i vesentleg grad vert sett til sides som følgje av tiltaka.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, kommuneplanen sin arealdel § 1.20 og kap. 5 for riving av delar av eksisterande fritidsbustad samt oppføring av tilbygg og påbygg i samsvar med søknad dagsett 19.07.16 og situasjonsplan dagsett 24.08.16. Dispensasjonen omfattar og uthus med plassering synt på situasjonsplan dagsett 24.08.16.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for riving av eksisterande tilbygg til fritidsbustad samt oppføring av tilbygg og påbygg i samsvar med teikningar dagsett 19.07.16 og 24.08.16. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.07.16 dagsett 24.08.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Det skal ikkje innstallerast vassklosett i fritidsbustaden.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2347

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bygningsvernsestret Voss/Hardanger	Magasinvegen 26	5705	VOSS
Line og Anders Heimvik	Signalveien 10	1597	MOSS

Mottakarar:

Byggmester Møen & Saue AS	Hardangervegen 538	5709	VOSS
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen